

Referat: Møte med Vikebygd Grendautval

Dato: 10.04.24

Til stade: Gunn Vikingstad, Mona Aksdal, Camilla Bjørnevik, Gunnar Birkeland

Kunne ikkje møte: Espen Årvik

1. Konstituering

Camilla Bjørnevik tar over etter Jon Magne Svendsbøe, og tar over som ansvarlig for publisering på vikebygd.no.

Leiar: Gunn Vikingstad

Nestleiar: Gunnar Birkeland

Sekretær: Mona Aksdal

Kasserar: Espen Årvik

Styremedlem: Camilla Bjørnevik

2. Flyktingar

Kommunen skal pusse opp 3 eller 4 leiligheter i det kommunale bygget ved gamle brannstasjonen.

Dei treng utleigeleiligheter, og her har kommunen mulighet for å betale mellom 5 – 11 000 kr i månadsleige. Kommunen hadde vore i kontakt med huseigere, men det var per i dag ikkje aktuelt på grunn av for høge leigepriser. Leigeboere skal etter kvart betale denne prisen selv, prisen kan derfor ikkje være for høy.

3. SØK-midler

Det er no tid for å senda inn søknad om SØK-midler, blir lagt ut på oppslagstavla på Facebook, og på Vikebygd.org. Søknadsfristen er satt til 31. mai. Tildeling vil bli i starten på juni.

4. Blomster

Det skal plantes blomster i kassene i bygda, Grendautvalet tar seg i tillegg av å plante i dei nye betong-pottene i båthavna.

5. Møte med SØK-stiftinga

Torsdag 18. april kl. 17 på Medvind-bygget. Det stiller ein person fra VGU.

Vikebygd fekk gode tilbakemeldingar her forrige møte, på korleis SØK-midlane blir delt ut her i bygda i samarbeid med innbyggerne.

6. Vegkomite

Utnevnt på årsmøtet: Franz Lea, Magne Vik og Ståle Jordal. Organiserer seg sjølv, i forhold til korleis dei vil jobbe med dette framover.

7. Stolper til hengekøyer

Stolper til hengekøyer. Det er tenkt at desse kan plasseras på Trodlanibba og Alnaåsen. Andre alternativ er Døvika, Sååtå og eventuelt Bårefjell. Mona sjekker opp i om dette kan fås kjøpt inn, og pris.

Eventuelt kjøpe inn hengekøyer og, slik at folk har mulighet for å låne fra butikken.

8. Rasteplass

Det er kommen rasteplass i Trovågsvingen, der kor «Hitler-tennene» står utstilt. Her er det satt opp steinbord med benk. Dette bør markeres med ei åpning i regi VGU nærmere sommaren.

Skrivar: Mona Aksdal